

Alver kommune

F01

Eikangervåg, 05/10-2021

Følgerev søknad om oppretting av ny grunneiendom fra gbnr. 24/50 – Kløve

Tiltaket

Det vert søkt om deling av eigedom som vist på vedlagte kart for oppføring av einebustad på den nye parsellen. Søknad om oppføring av tradisjonell bustad vert sendt som eigen sak når deling er gjennomført og tomten har fått tildelt bruksnummer.

Eigedom ligg i Kløve bustadfelt og er omfatta av reguleringsplanen med same namn. Eigedom er i dag bebygd med 1 bustad, storleik og beskaffenhett på tomten gjer at deling som omsøkt framstår som naturleg bruk, samstundes som ein bidreg til fortetting / utnytting av området og gjenbruk/ auka bruk av infrastrukturen som allereie er på plass.

Som sækjar står Thomas Myhr Eide, han vil også vera tiltakshavar når det i neste omgang vert søkt om oppføring av einebustad på den aktuelle tomten, og han er den som skal stå som eigar av ny parsell. Han har kvittert på digital fullmakt direkte i søknadsprogrammet vårt.

Grunneigarar av 24/50 er Malene Myhr Eide (søster) og Erlend Bratholmen, vedlagt er fullmakt også frå desse for signering av søknad og gjennomføring av deling.

Nabotilhøve / merknader

Tiltaket er nabovarsla etter reglane i plan- og bygningsloven. Det er ikkje mottatt merknader.

Veg / Tilkømt / VA / Størrelse

Rettar til veg, vatn og avløp er sikra gjennom vedlagte avtale, infrastrukturen er på plass og det er kapasitet for tilkøpling av ny bustad via eksisterande leidningsnett som går i borehol under vegen fram til tilkøplingspunkt. Avkøyring frå offentleg veg er sikra gjennom vedlagte avtale, avkøyringa er relativt nybygd og difor av god kvalitet slik den ligg i dag. Vedlagt her søknad om utvida bruk for ein ekstra bustad.

Begge parsellane vil etter deling ha godt med areal og langt over kravet i reguleringsplanen. I og med at tilkømt / avkøyring som skal delast stort sett ligg på 24/50 har ein valt å la denne parsellen få noko større areal enn den nye.

Oppsummering

Vår vurdering er at tiltaket er i tråd med reguleringsplanen og plan for arealbruk for området. Tomten er avsett til bustad på plankart, utan nærmare spesifikasjon av antall etter det vi ser, og storleiken er godt over minstekravet i reguleringsplanen. Rettar til veg, vatn og avløp er ivaretatt og avkøyring til eigedom er nybygd og i god stand.

Ta gjerne kontakt på mail eller telefon dersom behov for avklaringar.

Med vennleg helsing

Kålås Bygg AS



Lars A. Hagesæter
Ansvarleg sækjar

KÅLÅS BYGG AS

Tlf: 56 35 33 70 – www.kalasbygg.no

